

Møteprotokoll

Kommunestyret

Møtedato: 30.04.2026

Møtetid:

10:00 - 16:30

Møtestad: VHO-allrommet

Saksnr.:

020/26 – 038/26

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Bjarne Engum	SP
Björg Eldri Fritsvold	SV
Dag Einar Bøtun	SP
Eivind Sverre Lidal	SP
Heidi Irene Rennestraum	AP
Hild Berglund	AP
Jens Andreas Melheim	AP
Lars-Magnus Romslo Bungum	AP
Marta Sofie Vange	H
Morten Midlang	H
Reidunn Bolstad	AP
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP
Rune Tangstad	AP
Siri Wølneberg Bøthun	SP
Victoria Midlang Harbakk	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Aleksander Valsvik	AP
Bjarne Larsen	AP

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Heidi Irene Rennestraum	AP
Reidunn Bolstad	AP

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen

#velkomentilvik



Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
020/26	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
021/26	Referatsaker
022/26	Kommunestyret sin spørjetime
023/26	Orienteringssaker til kommunestyret 30.04.26
024/26	Tilstandsrapport barnehagar og skular 2025
025/26	Vurdering av ev auke i mottak av einslege mindreårige flyktningar
026/26	Endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsutkast for kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037
027/26	Cruisetraffikk til Vik hamn
028/26	Innføring av Sone 30 på kommunale vegar i Vik sentrum og forbod mot gjennomkøyring for turistbussar ved Hopperstad
029/26	Notestova - drøftingssak om alternative framlegg til løysing
030/26	Mogleg utvida skjenketid under Fotball VM 2026
031/26	Godkjenning av avtale mellom Vik Kommune og Vik Bygdealmenning Thingastad
032/26	Utgreiing - skifte av helseforetak frå Helse Førde til Helse Bergen
033/26	Støtte til utstilling i Vikjahalli i august 2026
034/26	Tilskot til kulturbygg - Vestland fylkeskommune
035/26	Samarbeid mellom Vik kommune og Av-og-til
036/26	Kontrollutvalet - årsmelding 2025
037/26	Medlemskap i Trygg trafikk
038/26	Energidepartementet sitt framlegg til endringar i konsesjonskraftprisen - høyringsuttale



020/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

30.04.2026 Kommunestyret

KS - 020/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Bjørg Fritsvold (SV) og Rune Tangstad (AP).

Samrøystes.

021/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

30.04.2026 Kommunestyret

Det var ingen merknader til referatsakene.

Ordføraren orienterte om referatsak «Marte Hovland – støtte til friidrettssatsing 2026» Ordførar og kommunedirektør går i dialog med Marte Hovland i høve vidare støtte til friidrettssatssinga. Ny sak kjem til handsamaming i kommunestyret 18.juni 2026.

KS - 021/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

022/26: Kommunestyret sin spørjetime

30.04.2026 Kommunestyret

Ordførar orienterte om at det ikkje var spørsmål til spørjetimen.



KS - 022/26 Vedtak:

Handsaminga gav ikkje grunnlag for vedtak.

023/26: Orienteringssaker til kommunestyret 30.04.26**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

30.04.2026 Kommunestyret

Oddbjørn Ese frå Vik idrettslag orienterte om idretten i Vik, idrettsrådet og om utfordringane ved drift av Vik skisenter. Ese presenterte Norconsult sin rapport knytt til Vik skisenter. I tillegg oppmoda han om at Vik idrettslag vert prioritert i høve om å kome inn i prosessen med kommuneplanen sin samfunnsdel, med særleg vekt på tilbodet til barn og unge i Vik.

Kristine Molvik frå Rein Sognefjord orienterte om «Framtidshavet – vi ryddar for framtida». Rein Sognefjord er ei privat stifting. Kommunekontakten i Vik er Ole Petter Ramberg. Molvik peika på at kommunen si rolle er viktig som ein «forlenga arm» som skaffar naudsynt informasjon til Rein Sognefjord. I 2025 vart det arrangert felles dugnad der fleire aktørar deltok, og det vart plukka opp 31,2 tonn avfall. Ryddedagen i 2026 er 10.september.

Ordførar orienterte om:

- Politi vest - Vest politidistrikt har føreslått å flytte vakt- og beredskapsfunksjonar sørover til Voss, med tre fullverdige tenestestader i Vik, Voss og Kvam. Sidan juni 2025 har det vore 16 hendingar der politiet har måtta rykke ut frå andre område. Vik er i dag underbemanna og har ikkje kapasitet til å handtere vakt og beredskap på eiga hand. 2.mai kjem politisjefen frå Voss til Vik for å møte ordføraren, der ein skal drøfte situasjonen og vegen vidare.
- Kommunal rapport – kommunedirektør stilling. Tilsetjingsutvalet er godt nøgd med at det har meldt seg fleire sterke og kvalifiserte søkjarar til stillinga som kommunedirektør. Finaleintervjua vert gjennomførte 6. mai. Det er planlagt eit ekstra møte i kommunestyret 26. mai 2026, der saka vil bli handsama.

Kommunedirektøren orienterte om:

- Årets bibliotek i Vestland er Vik kommune
- VHO - opning hausten 2026
- Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling i Bergen 28.-29. april 2026
- Sogn KO
- Vertskommunesamarbeid - barnevern, NAV
- Politiske saker 2026
- Beredskapsråd i Vik 20.04.26

Presentasjonar er lagt ved sak.



KS - 023/26 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.

024/26: Tilstandsrapport barnehagar og skular 2025**Kommunedirektøren si tilråding**

Tilstandsrapport 2025 vert teken til orientering.

30.04.2026 Kommunestyret

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 024/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 vert teken til orientering.

Samrøystes.

025/26: Vurdering av ev auke i mottak av einslege mindreårige flyktningar**Kommunedirektøren si tilråding**

Vik kommune tek imot 2 einslege mindreårige flyktningar i 2026.

30.04.2026 Kommunestyret

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 025/26 Vedtak:

Vik kommune tek imot 2 einslege mindreårige flyktningar i 2026.

Samrøystes.

026/26: Endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsutkast for kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037

Kommunedirektøren si tilråding

Endringane, slik dei går fram av vedlegget til sakspapiret, blir innarbeid i høyringsutkastet for ny samfunnsdel til kommuneplan 2026-2037 av 28.1.2026. Det blir laga ei sak til dei politiske møta i juni, med mål om å leggje eit revidert planframlegg ut på høyring og offentlig ettersyn.

16.04.2026 Formannskapet

Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innspel frå Arbeidarpatiet - Aud Marit Berge Feidje (AP)**

Punkt 4: Stryk døme på bedrifter.

Punkt 8: Her bør ein «rydde» i det vidare i arbeidet for å gje betre oversikt slik at ein lett forstår samanhengen mellom overordna mål og kva ein skal gjere for å nå måla. Unødvendig med delmål for strategiane.

Punkt 9: Samferdsle og kommunikasjon må vere med sjølv om kommunen sitt handlingsrom kan vere avgrensa. Ein må halde fram arbeidet med å påverke, og dette er eit viktig område for utvikling.

Punkt 11: Me har ikkje diskutert strategiar, dette kan me evt ta etter høyringinnspel.

Punkt 12: Planen må vere lik i PDF og Framsikt.

Punkt 14: Eiga sak om energi og klima om det er nødvendig/hastar.

Punkt 16: Det er to nye satsingsområde, aktuelle mål og strategiar må leggjast inn under dei.

Punkt 19: Berekraft måla må henge saman med satsingsområda.

Punkt 22: Det som ikkje er relevant treng det ikkje stå noko om. Setninga «Det skal ikkje opnast for nye anlegg for fiskeoppdrett i sjø.» kan strykast

Punkt 26: Det bør stå noko i teksten om korleis ein handterer evt målkonflikter seinare. Ein skal ikkje konsekvensutgreie i sjølve samfunnsdelen.

Punkt 60: Heile framlegget kan vere med. Dvs at det kan stå «Planreserven skal vere tilpassa det estimerte behovet for planperioden og ei ynskt utvikling»

Punkt 61: Første setning kan vere: «Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensast til område som alt er utbygde.....»

Punkt 62: Her støtter me framlegget til SP

Punkt 63: Ta vekk framlegget til SP.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i samsvar med drøftingar i formannskapet.

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 030/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg:



Punkt 4: Stryk døme på bedrifter.

Punkt 8: Her bør ein «rydde» i det vidare i arbeidet for å gje betre oversikt slik at ein lett forstår samanhengen mellom overordna mål og kva ein skal gjere for å nå måla. Unødvendig med delmål for strategiane.

Punkt 9: Samferdsle og kommunikasjon må vere med sjølv om kommunen sitt handlingsrom kan vere avgrensa. Ein må halde fram arbeidet med å påverke, og dette er eit viktig område for utvikling.

Punkt 11: Me har ikkje diskutert strategiar, dette kan me evt ta etter høyringinnspel.

Punkt 12: Planen må vere lik i PDF og Framsikt.

Punkt 14: Eiga sak om energi og klima om det er nødvendig/hastar.

Punkt 16: Det er to nye satsingsområde, aktuelle mål og strategiar må leggjast inn under dei.

Punkt 19: Berekraft måla må henge saman med satsingsområda.

Punkt 22: Det som ikkje er relevant treng det ikkje stå noko om. Setninga «Det skal ikkje opnast for nye anlegg for fiskeoppdrett i sjø.» kan strykast

Punkt 26: Det bør stå noko i teksten om korleis ein handterer evt målkonflikter seinare. Ein skal ikkje konsekvensutgreie i sjølve samfunnsdelen.

Punkt 60: Heile framlegget kan vere med. Dvs at det kan stå «Planreserven skal vere tilpassa det estimerte behovet for planperioden og ei ynskt utvikling»

Punkt 61: Første setning kan vere: «Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensast til område som alt er utbygde.....»

Punkt 62: Her støtter me framlegget til SP

Punkt 63: Ta vekk framlegget til SP.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i samsvar med drøftingar i formannskapet.

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert deltok i møtet.

Formannskapet sitt vedtak 16.04.26:

Punkt 4: Stryk døme på bedrifter.

Punkt 8: Her bør ein «rydde» i det vidare i arbeidet for å gje betre oversikt slik at ein lett forstår samanhengen mellom overordna mål og kva ein skal gjere for å nå måla. Unødvendig med delmål for strategiane.

Punkt 9: Samferdsle og kommunikasjon må vere med sjølv om kommunen sitt handlingsrom kan vere avgrensa. Ein må halde fram arbeidet med å påverke, og dette er eit viktig område for utvikling.

Punkt 11: Me har ikkje diskutert strategiar, dette kan me evt ta etter høyringinnspel.

Punkt 12: Planen må vere lik i PDF og Framsikt.

Punkt 14: Eiga sak om energi og klima om det er nødvendig/hastar.

Punkt 16: Det er to nye satsingsområde, aktuelle mål og strategiar må leggjast inn under dei.



Punkt 19: Berekraft måla må henge saman med satsingsområda.

Punkt 22: Det som ikkje er relevant treng det ikkje stå noko om. Setninga «Det skal ikkje opnast for nye anlegg for fiskeoppdrett i sjø.» kan strykast

Punkt 26: Det bør stå noko i teksten om korleis ein handterer evt målkonflikter seinare. Ein skal ikkje konsekvensutgreie i sjølve samfunnsdelen.

Punkt 60: Heile framlegget kan vere med. Dvs at det kan stå «Planreserven skal vere tilpassa det estimerte behovet for planperioden og ei ynskt utvikling»

Punkt 61: Første setning kan vere: «Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensast til område som alt er utbygde.....»

Punkt 62: Her støtter me framlegget til SP

Punkt 63: Ta vekk framlegget til SP.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i samsvar med drøftingar i formannskapet.

Endringsforslag - framlegg til endring i høve til FS sitt vedtak - Bjørg Eldri Fritsvold (SV)

Punkt 13: Kommunen kan spara seg arbeidet med å laga ein eigen målbruksplan. Behald difor setningane som FS vedtok å ta ut av planen:

1. «Barn og unge i Vik utviklar tryggleik og stoltheit i bruk av nynorsk som hovudspråk.» med tilhøyrande strategiar
2. «Vik kommune står fram som ein tydeleg nynorskkommune politisk, administrativt og i undervisninga og er ein føregangskommune for bruk og profilering av nynorsk.» med tilhøyrande strategiar.

Punkt 61: Behald dette som opphavleg foreslått: «Bygging i strandsona skal avgrensast til område som alt er utbygde, jf. kommunen sin strandsoneanalyse. Attraktive areal og kantvegetasjon langs vatn og vassdrag skal sikrast som fellesgode»

Punkt 62: Hald fast ved opphavleg punkt i arealstrategien: «Det skal vere eigna areal for næring i Arnafjord, Vik, Vangsnes, Feios og Fresvik, med vekt på grøn næringsutvikling»

Punkt 63: Støttar andre setning SP sitt framlegg,: « Det skal ikkje opnast for vindkraftanlegg i fjellet.»

Ordførar sette framlegget til Bjørg Eldri Fritsvold (SV) punkt 13 under røysting, og kommunestyret vedtok Fritsvold sitt framlegg.

Ordførar sette framlegget til Bjørg Eldri Fritsvold (SV) punkt 61 under røysting, og fall mot 1 røyst (Bjørg Eldri Fritsvold (SV)).

Ordførar sette framlegget til Bjørg Eldri Fritsvold (SV) punkt 62 under røysting, og fall mot 1 røyst (Bjørg Eldri Fritsvold (SV)).



Ordførar sette framlegget til Bjørg Eldri Fritsvold (SV) punkt 63 under røysting, og fall mot 6 røyster (Bjarne Engum (SP), Eivind Lidal(SP), Siri Wølneberg Bøtun(SP), Dag Einar Bøtun (SP), Bjørg Eldri Fritsvold (SV) og Morten Midlang (H)

Kommunedirektøren si tilråding

Endringane, slik dei går fram av vedlegget til sakspapiret, blir innarbeid i høyringsutkastet for ny samfunnsdel til kommuneplan 2026-2037 av 28.1.2026. Det blir laga ei sak til dei politiske møta i juni, med mål om å leggje eit revidert planframlegg ut på høyring og offentlig ettersyn.

Aud Marit Berge Feidje (AP) ba om 10 minutter til gruppemøte, og fekk dette innvilga.

Endringsforslag - framlegg til endring jfr. framlegget til formannskapet - Siri Wølneberg Bøtun (SP)

Pkt. 63: I fjellområda skal omsynet til naturmangfald, landbruksnæring og friluftsliv vege tyngst i arealbruksspørsmål. Siri Wølneberg Bøtun(SP) trekte framlegg.

Endringsforslag - framlegg til endring jfr. framlegget til formanskapet - Dag Einar Bøtun (SP)

Pkt. 63: I fjellområda skal omsynet til naturmangfald, landbruksnæring og friluftsliv vege tungt i arealbruksspørsmål.

Ordførar sette framlegget til Dag Einar Bøtun (SP) under røysting, og fall mot 5 røyster (Bjarne Engum (SP), Eivind Lidal(SP), Siri Wølneberg Bøtun(SP), Dag Einar Bøtun (SP) og Morten Midlang (H).

Endringsforslag - framlegg til tilleggspunkt - Siri Wølneberg Bøtun (SP)

Administrasjonen legger inn i satsingsområde Barn og unge: Idrettslagene i kommunen er viktige aktører for en god oppvekst og for folkehelse.

Ordførar sette framlegget til Siri Wølneberg Bøtun (Sp) under røysting, og kommunestyret vedtok Bøtun sitt framlegg samrøystes.

Aud Marit Berge Feidje (AP) ba om gruppemøte, og fekk dette innvilga.

Ordføraren sette kommunedirektøren sitt framlegg opp mot formannskapet sitt framlegg, med endringsforslag frå tidlegare votering til røysting og kommunestyret vedtok formannskapet sitt framlegg med endringsforslag.



KS - 026/26 Vedtak:

Punkt 4: Stryk dømme på bedrifter.

Punkt 8: Her bør ein «rydde» i det vidare i arbeidet for å gje betre oversikt slik at ein lett forstår samanhengen mellom overordna mål og kva ein skal gjere for å nå måla. Unødvendig med delmål for strategiane.

Punkt 9: Samferdsle og kommunikasjon må vere med sjølv om kommunen sitt handlingsrom kan vere avgrensa. Ein må halde fram arbeidet med å påverke, og dette er eit viktig område for utvikling.

Punkt 11: Me har ikkje diskutert strategiar, dette kan me evt ta etter høyringinnspel.

Punkt 12: Planen må vere lik i PDF og Framsikt.

Punkt 13: Kommunen kan spare seg arbeidet med å laga ein eigen målbruksplan. Behald difor setningane som FS vedtok å ta ut av planen:

1. «Barn og unge i Vik utviklar tryggleik og stoltheit i bruk av nynorsk som hovudspråk.» med tilhøyrande strategiar

2. «Vik kommune står fram som ein tydeleg nynorskkommune politisk, administrativt og i undervisninga og er ein føregangskommune for bruk og profilering av nynorsk.» med tilhøyrande strategiar

Punkt 14: Eiga sak om energi og klima om det er nødvendig/hastar.

Punkt 16: Det er to nye satsingsområde, aktuelle mål og strategiar må leggjast inn under dei.

Punkt 19: Berekraft måla må henge saman med satsingsområda.

Punkt 22: Det som ikkje er relevant treng det ikkje stå noko om. Setninga «Det skal ikkje opnast for nye anlegg for fiskeoppdrett i sjø.» kan strykast

Punkt 26: Det bør stå noko i teksten om korleis ein handterer evt målkonflikter seinare. Ein skal ikkje konsekvensutgreie i sjølve samfunnsdelen.

Punkt 60: Heile framlegget kan vere med. Dvs at det kan stå «Planreserven skal vere tilpassa det estimerte behovet for planperioden og ei ynskt utvikling»

Punkt 61: Første setning kan vere: «Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensast til område som alt er utbygde.....»

Punkt 62: Her støtter me framlegget til SP

Punkt 63: Ta vekk framlegget til SP.

Administrasjonen legger inn i satsingsområde barn og unge: Idrettslagene i kommunen er viktige aktører for en god oppvekst og for folkehelse

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i samsvar med drøftingar i formannskapet.

Samrøystes.

027/26: Cruisetrafikk til Vik hamn**Kommunedirektøren si tilråding**

1. Vik kommune fastset ei grense på omlag 50 cruiseanløp per sesong, som eit sentralt tiltak for å sikre berekraftig belastning på lokalsamfunn, miljø og kulturminne.
2. Environmental Port Index (EPI) skal nyttast aktivt som styringsverktøy for å redusere miljøpåverknaden frå cruisetrafikken.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein revidert og skjerpa EPI modell til budsjettarbeidet for 2027, med mål om:

- redusert CO₂ utslepp ved at dei mest forureinande skipa ikkje vel Vik
- at skip med moglegheit til det nyttar mindre forurensande drivstoff eller meir miljøvenlege driftsformer ved innsegling og oppankring

16.04.2026 Formannskapet

Rådgjevar Ole Petter Ramberg deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 036/26 Vedtak:

1. Vik kommune fastset ei grense på omlag 50 cruiseanløp per sesong, som eit sentralt tiltak for å sikre berekraftig belastning på lokalsamfunn, miljø og kulturminne.
2. Environmental Port Index (EPI) skal nyttast aktivt som styringsverktøy for å redusere miljøpåverknaden frå cruisetrafikken.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein revidert og skjerpa EPI modell til budsjettarbeidet for 2027, med mål om:

- redusert CO₂ utslepp ved at dei mest forureinande skipa ikkje vel Vik
- at skip med moglegheit til det nyttar mindre forurensande drivstoff eller meir miljøvenlege driftsformer ved innsegling og oppankring

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Rådgjevar Ole Petter Ramberg deltok i møtet.

Rune Tangstad fekk permisjon frå kl. 15.00-15.30.



Forslag til vedtak - Cruisetrafikk Vik kommune - Victoria Midlang Harbakk (AP)

1. Vik kommune fastset ei mellombels øvre grense på om lag 40 cruiseanløp per sesong frå og med 2027.

2. Talet på anløp skal vurderast årleg, og kan justerast opp eller ned basert på: - Samrøystes.

- dokumentert utvikling i miljøpåverknad
- lokal belastning og innbyggjaroppleving
- gjennomføring av nødvendige infrastrukturtiltak

3. Før ei eventuell auke i tal anløp skal følgjande tiltak vere gjennomført - Samrøystes

- etablering av tilstrekkelege toalettfasilitetar
- betre boshandtering
- tydeleg skilting og informasjon
- trafikksikringstiltak i sentrum

4. Kommunestyret legg til grunn resultata frå tolegrenseanalyse og innbyggjarundersøking i vidare utvikling av cruiseaktiviteten i Vik.

Ordførar sette framlegget til Victoria Midlang Harbakk(AP) under røysting, og kommunestyret vedtok Harbakk sitt framlegg samrøystes.

Endringsforslag - endring under punkt 1 til Victoria Midlang sitt forslag - Jens Andreas Melheim (AP)

1. Vik kommune fastset ei mellombels øvre grense frå 2027 på

- om lag 40 cruiseanløp frå 1. mai til 31. august (høysesong)
- maksimalt tre anløp per veke med på store cruiseskip (meir enn 1000 passasjerar). -

Ordførar sette framlegget til Jens Andreas Melheim(AP) under røysting, og kommunestyret vedtok Melheim sitt framlegg samrøystes.

Endringsforslag - ta med punkt 2 i kommunedirektøren si tilråding - Aud Marit Berge Feidje (AP)

Environmental Port Index (EPI) skal nyttast aktivt som styringsverktøy for å redusere miljøpåverknaden frå cruisetrafikken. Environmental Port Index (EPI) skal nyttast aktivt som styringsverktøy for å redusere miljøpåverknaden frå cruisetrafikken.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein revidert og skjerpa EPI modell til budsjettarbeidet for 2027, med mål om:

- redusert CO₂ utslepp ved at dei mest forureinande skipa ikkje vel Vik
- at skip med moglegheit til det nyttar mindre forurensande drivstoff eller meir miljøvenlege driftsformer ved innsegling og oppankring

Ordførar sette framlegget til Aud Marit Berge Feidje(AP) under røysting, og kommunestyret vedtok Feidje sitt framlegg samrøystes.



Ordførar sette framlegget til Victoria Midlang Harbakk (AP) med endringsforslag frå Melheim (AP) og Feidje (AP) under røysting, og kommunestyret vedtok Harbakk sitt framlegg med endringsforslag samrøystes.

KS - 027/26 Vedtak:

1. Vik kommune fastset ei mellombels øvre grense frå 2027 på
 - om lag 40 cruiseanløp frå 1. mai til 31. august (høgsesong)
 - maksimalt tre anløp per veke med på store cruiseskip (meir enn 1000 passasjerar).
2. Talet på anløp skal vurderast årleg, og kan justerast opp eller ned basert på:
 - dokumentert utvikling i miljøpåverknad
 - lokal belastning og innbyggjaroppleving
 - gjennomføring av nødvendige infrastrukturtiltak
3. Før ei eventuell auke i tal anløp skal følgjande tiltak vere gjennomført:
 - etablering av tilstrekkelege toalettfasilitetar
 - betre boshandtering
 - tydeleg skilting og informasjon
 - trafikkisikringstiltak i sentrum
4. Environmental Port Index (EPI) skal nyttast aktivt som styringsverktøy for å redusere miljøpåverknaden frå cruisetrafikken. Environmental Port Index (EPI) skal nyttast aktivt som styringsverktøy for å redusere miljøpåverknaden frå cruisetrafikken.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein revidert og skjerpa EPI modell til budsjettarbeidet for 2027, med mål om:

- redusert CO₂ utslipp ved at dei mest forureinande skipa ikkje vel Vik
- at skip med moglegheit til det nyttar mindre forurensande drivstoff eller meir miljøvenlege driftsformer ved innsegling og oppankring

5. Kommunestyret legg til grunn resultata frå tolegrenseanalyse og innbyggjarundersøking i vidare utvikling av cruiseaktiviteten i Vik.

Samrøystes.

028/26: Innføring av Sone 30 på kommunale vegar i Vik sentrum og forbod mot gjennomkøyring for turistbussar ved Hopperstad

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for formannskapet med følgjande framlegg til vedtak:



1. Vik kommune innfører fartsgrense Sone 30 for alle kommunale vegar nemnd i saka og som fremkommer av kartskisse.
2. Dette vedtaket erstattar eventuelle andre vedtak knytt til regulering av fart i same område.
3. Kommunedirektøren følgjer opp at nye skilt blir montert i tråd med Statens vegvesen sine krav og retningslinjer.

16.04.2026 Formannskapet

Rådgjevar Ole Petter Ramberg deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 037/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for formannskapet med følgjande framlegg til vedtak:

1. Vik kommune innfører fartsgrense Sone 30 for alle kommunale vegar nemnd i saka og som fremkommer av kartskisse.
2. Dette vedtaket erstattar eventuelle andre vedtak knytt til regulering av fart i same område.
3. Kommunedirektøren følgjer opp at nye skilt blir montert i tråd med Statens vegvesen sine krav og retningslinjer.

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 028/26 Vedtak:

1. Vik kommune innfører fartsgrense Sone 30 for alle kommunale vegar nemnd i saka og som fremkommer av kartskisse.
2. Dette vedtaket erstattar eventuelle andre vedtak knytt til regulering av fart i same område.
3. Kommunedirektøren følgjer opp at nye skilt blir montert i tråd med Statens vegvesen sine krav og retningslinjer.

Samrøystes.



029/26: Notestova - drøftingssak om alternative framlegg til løysing

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren legg saka fram utan innstilling.

16.04.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Alternativ 1: Arbeidsgruppe og vidare utgreiing - fellesframlegg frå formannskapet**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 032/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg:

Alternativ 1: Arbeidsgruppe og vidare utgreiing

Kommunestyret kan vedta å setja ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeida fram mot budsjettprosessen for 2027 med sikte på å:

- Utgreia framtidig bruk av Notestova
- Avklara teknisk tilstand og kva tiltak som må gjennomførast for å oppfylle krav i brann- og bygningsregelverk
- Vurdere behov for og omfang av oppgradering eller ombygging
- Leggja fram oversikt over investeringsbehov og driftskonsekvensar

Som ein del av dette alternativet må det vurderast om det skal setjast av økonomiske midlar i framtidig økonomiplan til oppgradering av bygget.

Dette alternativet gir god tid til involvering og grundig utgreiing, men inneber at kommunen i mellomtida held fram som ansvarleg eigar/festar for bygget, med tilhøyrande usikkerheit knytt til regelverk, ansvar og framtidige kostnader.

Når det gjeld dei kr 200 000 som er sett av til medfinansiering av nytt tak på Notestova, vurderer kommunedirektøren at desse midlane kan utbetalast til Vik musikklag når laget ønskjer det.

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Formannskapet sitt vedtak i møte 16.04.26:

Alternativ 1: Arbeidsgruppe og vidare utgreiing

Kommunestyret kan vedta å setja ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeida fram mot budsjettprosessen for 2027 med sikte på å:

- Utgreia framtidig bruk av Notestova



- Avklara teknisk tilstand og kva tiltak som må gjennomførast for å oppfylle krav i brann- og bygningsregelverk
- Vurdere behov for og omfang av oppgradering eller ombygging
- Leggja fram oversikt over investeringsbehov og driftskonsekvensar

Som ein del av dette alternativet må det vurderast om det skal setjast av økonomiske midlar i framtidig økonomiplan til oppgradering av bygget.

Dette alternativet gir god tid til involvering og grundig utgreiing, men inneber at kommunen i mellomtida held fram som ansvarleg eigar/festar for bygget, med tilhøyrande usikkerheit knytt til regelverk, ansvar og framtidige kostnader.

Når det gjeld dei kr 200 000 som er sett av til medfinansiering av nytt tak på Notestova, vurderer kommunedirektøren at desse midlane kan utbetalast til Vik musikklag når laget ønskjer det.

Jens Melheim stilte spørsmål om Morten Midlang var ugild i saka sidan han sitter i styret i Vik Musikklag. Kommunestyret kjende samsrøystes Midlang ugild i saka med heimel i forvaltningslova §6, 1 og 2 ledd, bokstav e. Midlang tredd frå.

Endringsframlegg - ta vekk setning - Aud Marit Berge Feidje (AP):

Ta vekk setning “arbeida fram mot budsjettprosessen for 2027 med sikte på å:” til arbeidsgruppa får i oppdrag i å utgreie framtidig bruk av Notestova.

Ordførar sette framlegget til formannskapet med endringsframlegg til Feidje (AP) under røysting og kommunestyret vedtok formannskapet sitt framlegg med endringsframlegg frå Feidje (AP) samrøystes.

KS - 029/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å setja ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag i å utgreie framtidig bruk av Notestova:

- Utgreia framtidig bruk av Notestova
- Avklara teknisk tilstand og kva tiltak som må gjennomførast for å oppfylle krav i brann- og bygningsregelverk
- Vurdere behov for og omfang av oppgradering eller ombygging
- Leggja fram oversikt over investeringsbehov og driftskonsekvensar

Som ein del av dette alternativet må det vurderast om det skal setjast av økonomiske midlar i framtidig økonomiplan til oppgradering av bygget.

Dette alternativet gir god tid til involvering og grundig utgreiing, men inneber at kommunen i mellomtida held fram som ansvarleg eigar/festar for bygget, med tilhøyrande usikkerheit knytt til regelverk, ansvar og framtidige kostnader.



Når det gjeld dei kr 200 000 som er sett av til medfinansiering av nytt tak på Notestova, vurderer kommunedirektøren at desse midlane kan utbetalast til Vik musikklag når laget ønskjer det.

Samrøystes.

030/26: Mogleg utvida skjenketid under Fotball VM 2026

Kommunedirektøren sine alternative forslag til vedtak

- Alternativ 1: Kommunestyret utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.
- Alternativ 2: Kommunestyret ynskjer å gjere endringar i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget. Endringsforslaget skal leggst ut på høyring i 2 veker, før saka skal til slutthandsaming i kommunestyret 26.05.26.

16.04.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Alternativ 1 - Kommunestyret utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 035/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg:

Kommunestyret utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 030/26 Vedtak:

Kommunestyret utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.



Samrøystes.

031/26: Godkjenning av avtale mellom Vik Kommune og Vik Bygdealmenning Thingastad

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek avtalen mellom Vik kommune og Vik Bygdealmenning Thingastad om avløsning av bruksrett for teigane gnr.1/205 og gnr. 1/138 i Vik.
2. Vik kommune betalar kroner 220 000 til Vik Bygdealmenning jf. avtalen som ligg føre
3. Vik kommune dekker alle kostnader i forbindelse med saka
4. Finansiering vert gjort innan Vik kommune sitt ordinære disposisjonsfond.

30.04.2026 Kommunestyret

Endring i høve kort samandrag:

Denne saka handlar om at Vik kommune og Vik Bygdealmenning Thingastad (VBT) inngår avtale om avløsning av bruksrett for teigane gnr.1/205 og gnr. 1/138 i Vik.

Saka som skulle vore avgjort i Sogn og Fjordane jordskifterett er av Vik Bygdealmenning Thingastad trekt, slik sett er bruks- og eigedomsretten framleis ikkje avgjort. Ordførar har gjennom dialog med Vik Bygdealmenning Thingastad gjort avtale der (VBT) fråseier seg gjennom vedlagt avtale, retten til å krevja eigedom- og bruksrett til g.br.nr 1/138 og 1/205 i Vik kommune. Det betyr at Vik kommune kan krevje heimel (senda krav om heimel til kartverket og få denne tinglyst) Vik kommune og VBT ynskjer å nytta teigane til friområde i samsvar med reguleringsplanen.

Framlegg om endra innstilling til vedtak frå kommunedirektør:

1. Kommunestyret vedtek avtalen mellom Vik kommune og Vik Bygdealmenning Thingastad om alle rettar til teigane gnr.1/205 og gnr. 1/138 i Vik.
2. Vik kommune betalar kroner 220 000 til Vik Bygdealmenning Thingastad for alle rettar til g.br.nr 1/138 og 1/205 i Vik kommune
3. Vik kommune dekker ev kostnader til krav om heimel- og tinglysing
4. Finansiering vert gjort innan Vik kommune sitt ordinære disposisjonsfond.

Ordførar sette framlegg om endra innstilling til vedtak frå kommunedirektør under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt endra framlegg samrøystes.

KS - 031/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek avtalen mellom Vik kommune og Vik Bygdealmenning Thingastad om alle rettar til teigane gnr.1/205 og gnr. 1/138 i Vik.



2. Vik kommune betalar kroner 220 000 til Vik Bygdeallmenning Thingstad for alle rettar til g.br.nr 1/138 og 1/205 i Vik kommune
3. Vik kommune dekker ev kostnader til krav om heimel- og tinglysing
4. Finansiering vert gjort innan Vik kommune sitt ordinære disposisjonsfond.

Samrøystes.

032/26: Utgreiing - skifte av helseforetak frå Helse Førde til Helse Bergen

Kommunedirektøren si tilråding

1. Vik kommune deltek i ei felles utgreiing saman med Aurland kommune, og eventuelt Årdal og Lærdal kommunar dersom desse ønskjer å delta, om mogleg flytting av helsefagleg tilknytning frå Helse Førde til Helse Bergen.
2. Vik kommune føreset at utgreiinga greier ut faglege, organisatoriske, samfunnsmessige og beredskapsmessige konsekvensar, samt positive og negative ringverknader, med særleg vekt på kva løysing som samla sett er best for innbyggjarane i Vik kommune.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å følgja opp deltakinga i utgreiinga innanfor gjeldande økonomiske rammer og i samarbeid med dei andre kommunane.

30.04.2026 Kommunestyret

Bjarne Engum bad om gruppemøte og fekk innvilga det.

Endringsforslag - Kostnadsramme - Aud Marit Berge Feidje (AP)

Med ei kostnadsramma på inntil 200 000 kr.

Ordførar sette framlegg frå kommunedirektør under røysting med endringsforslag frå Feidje (AP) og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg med endringsforslag frå Feidje (AP) mot 8 røyster (Bjarne Engum (SP), Eivind Lidal(SP), Siri Wølneberg Bøtun(SP), Dag Einar Bøtun (SP), Bjørg Eldri Fritsvold (SV), Morten Midlang (H), Marta Sofie Vange (H), og Heidi Irene Rennestraum (AP).

KS - 032/26 Vedtak:

1. Vik kommune deltek i ei felles utgreiing saman med Aurland kommune, og eventuelt Årdal og Lærdal kommunar dersom desse ønskjer å delta, om mogleg flytting av helsefagleg tilknytning frå Helse Førde til Helse Bergen.
2. Vik kommune føreset at utgreiinga greier ut faglege, organisatoriske, samfunnsmessige og beredskapsmessige konsekvensar, samt positive og negative ringverknader, med særleg vekt på kva løysing som samla sett er best for innbyggjarane i Vik kommune.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å følgja opp deltakinga i utgreiinga innanfor gjeldande økonomiske rammer og i samarbeid med dei andre kommunane.



4. Med ei kostnadsramma på inntil 200 000 kr.

Samrøystes.

033/26: Støtte til utstilling i Vikjahalli i august 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune gjev kr. 35 000 i støtte til utstilling i Vikjahalli i august slik som søkt om.

Midlane vert dekkja frå disposisjonsfondet.

12.03.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 021/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune gjev kr. 35 000 i støtte til utstilling i Vikjahalli i august slik som søkt om.

Midlane vert dekkja frå disposisjonsfondet.

Samrøystes

30.04.2026 Kommunestyret

Dag Einar Bøtun fekk permisjon frå sak.

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 033/26 Vedtak:

Vik kommune gjev kr. 35 000 i støtte til utstilling i Vikjahalli i august slik som søkt om.

Midlane vert dekkja frå disposisjonsfondet.

Samrøystes



034/26: Tilskot til kulturbygg - Vestland fylkeskommune

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slikt framlegg til vedtak:

Vik kommune sender inn søknad om spelemidlar for lokale kulturarenaer i 2026 etter følgjande prioritet:

1. Vikjahalli - isolering av tak og vegger i 1910-fløyen med storsal m.m. og rehabilitering av underetasje m. wc avdeling m.m. Gjenteiken søknad. Søkjar: Vik ungdomslag

2. Oppgradering av Vikjahalli - galleribelysning og utstillingsveggar. Ny søknad. Søkjar: Vik ungdomslag

16.04.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 031/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slikt framlegg til vedtak:

Vik kommune sender inn søknad om spelemidlar for lokale kulturarenaer i 2026 etter følgjande prioritet:

1. Vikjahalli - isolering av tak og vegger i 1910-fløyen med storsal m.m. og rehabilitering av underetasje m. wc avdeling m.m. Gjenteiken søknad. Søkjar: Vik ungdomslag

2. Oppgradering av Vikjahalli - galleribelysning og utstillingsveggar. Ny søknad. Søkjar: Vik ungdomslag

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Reidunn Bolstad stilte spørsmål om ho er ugild i saka sidan ho er leiar i Vik ungdomslag. Kommunestyret kjende samsrøystes Bolstad ugild i saka med heimel i forvaltningslova §6, 1 og 2 ledd, bokstav e. Bolstad tredde frå.



Dag Einar Bøtun fekk permisjon frå sak.

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 034/26 Vedtak:

Vik kommune sender inn søknad om spelemidlar for lokale kulturarenaer i 2026 etter følgjande prioritet:

1. Vikjahalli - isolering av tak og vegger i 1910-fløyen med storsal m.m. og rehabilitering av underetasje m. wc avdeling m.m. Gjenteiken søknad. Søkjar: Vik ungdomslag

2. Oppgradering av Vikjahalli - galleribelysning og utstillingsveggar. Ny søknad. Søkjar: Vik ungdomslag

Samrøystes.

035/26: Samarbeid mellom Vik kommune og Av-og-til

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg:

Vik kommune inngår samarbeidsavtale med Av-og-til.

Kommunedirektøren får fullmakt til å redigera avtaleforslaget slik at den vert tilpassa Vik kommune sitt behov, og å skriva under endeleg avtale.

16.04.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 034/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg:

Vik kommune inngår samarbeidsavtale med Av-og-til.

Kommunedirektøren får fullmakt til å redigera avtaleforslaget slik at den vert tilpassa Vik kommune sitt behov, og å skriva under endeleg avtale.



Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Dag Einar Bøtun fekk permisjon frå sak.

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 035/26 Vedtak:

Vik kommune inngår samarbeidsavtale med Av-og-til.

Kommunedirektøren får fullmakt til å redigera avtaleforslaget slik at den vert tilpassa Vik kommune sitt behov, og å skriva under endeleg avtale.

Samrøystes.

036/26: Kontrollutvalet - årsmelding 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2025 til orientering.

30.04.2026 Kommunestyret

Dag Einar Bøtun fekk permisjon frå sak.

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 036/26 Vedtak:

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2025 til orientering.

Samrøystes.

037/26: Medlemskap i Trygg trafikk

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek at Vik kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med vedtaksdatoen. Medlemskapet vert dekkja innanfor driftsbudsjettet.



16.04.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 038/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Vik kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med vedtaksdatoen. Medlemskapet vert dekkja innanfor driftsbudsjettet.

Samrøystes.

30.04.2026 Kommunestyret

Dag Einar Bøtun fekk permisjon frå sak.

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes.

KS - 037/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Vik kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med vedtaksdatoen. Medlemskapet vert dekkja innanfor driftsbudsjettet.

Samrøystes.

038/26: Energidepartementet sitt framlegg til endringar i konsesjonskraftprisen - høyringsuttale

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet gir kommunedirektøren mynde til å gi følgjande høyringssvar innan fristen 24.4.26:

- Vik kommune støttar alle punkt i LVK (Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar) sitt høyringssvar datert 7.4.26.

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommunestyret sluttar seg til Vik formannskap sitt høyringssvar.

16.04.2026 Formannskapet



